

Verksemdsplan

2017-18 Toftøy skule



Verksemdsplan 2017 og utviklingsarbeid

Verksemdsplanen er eit overordna og samordnande plandokument for skulen og eit arbeidsverktøy for planarbeid, utviklingsarbeid og vurderingsarbeid. Planen er styringsdokument og retningsgjevande for den pedagogiske verksemda ved skulen.

2017 -2020 TENESTEMÅL OG STYRINGSMÅL

GENERELL DEL

Toftøy skule er ein av 4 barneskuler i Øygarden. Toftøy skule ligg sør i Øygarden og kringsgrensen er avgrensa til øya Toftøy. Normal elevtall for syv årstrinn varierar mellom 150 – 160 elevar. Skulen består av «gamle bygget» frå 1964, «nybygget» frå 2007. Skulen har ein felles kommunal innføringsklasse med elevar som har grunnleggjande norskopplæring.

Skuleåret 2017/ 18 skal Toftøy vera vertsskule også for mellomtrinnslevane frå Rong skule. Årsaka til det er at Rong skule vert bygga om. Rong skule skal stå ferdig til august 2018 og elevane på 5. og 6. trinn skal då tilbakeførast.

I komande skuleår vil såleis elevtalet på Toftøy verta over 200 elevar.

Talet på tilsette inklusiv leing lærarar og assistentar vert 30 vaksne.

Årsverk ved skulen utgjer

Administrativt personale:

Rektor, avd.leiar og sekretær tilsaman 2,10 årsverk

Pedagogisk personale: 17,00 årsverk

Assistentar/fagarbeidar m/SFO leiar 8,00 årsverk

Sum årsverk inklusiv personale frå Rong 27,10 årsverk

OVERORDNA STYRINGSdokUMENT

Læreplanen «Kunnskapsløftet» og opplæringslova med forskrifter er det overordna styringsdokumentet for grunnskulen i Norge. I tillegg kan departementet gjennom politisk nivå (Stortinget) sende ut styringsrundskriv.

2.0 OVERORDNA KOMMUNALE / POLITISKE MÅLSETJINGAR

Visjon for Øygarden kommune:

Brubyggjaren – me byggjer bruer mellom folk.

Fokusområde: Brukarfokus, kompetanse og kvalitet.

Verdigrunnlag: Lojal, ærleg og raus.

VERKSEMDSPLAN 2017-17

Tenestemål - Skule:

- *Alle lærarar skal praktisere underveisvurdering i tråd med dei fire prinsippa i «Vurdering for læring»*
- *Grunnskulepoeng skal ligge på landsnitt eller over*
- *Gjennomsnittresultata på nasjonale prøver skal ligge på landsnittet eller over*
- *Andelen elevar på lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvene skal ligge på landsnittet eller over*
- *Andel lærarar med universitet/ høgskuleutdanning og pedagogisk utdanning skal ligge på landsnittet eller over*
- *Trivsel i skulen og andel elevar som opplever seg mobba, slik det vert målt i elevundersøkinga, skal ligge på landsnittet eller betre*
- *Assistentane i skule og SFO skal få opplæring i «De utrolige årene»*
- *Ein skal arbeide for at andel elevar som har spesialundervisning, ligg på landsnittet eller under*
- *Tal elevar i SFO pr. årsverk skal liggja på landsnittet eller under*

2.0 OVERORDNA MÅL FOR EININGA

Felles mål for skulane i Øygarden kommune	Skulen sine tiltak i høve til fellesmål for kommunen
<ul style="list-style-type: none"> • <i>Alle lærarar skal praktisere undervegs-vurdering i tråpd med dei fire prinsippa i «Vurdering for læring»</i> 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Skulen er med i pulje 7 av «vurdering for læring» under UDIR og skal jobbe systematisk i h.h.t dei 4 prinsippa</i> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>forstå kva ein skal lære, og kva som er forventa</i> 2. <i>Få gode tilbakemeldingar som fortel om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen</i> 3. <i>Eleven får råd om korleis han kan forbetre seg</i> 4. <i>er involvert i eige læringsarbeid</i>
<ul style="list-style-type: none"> • <i>Grunnskulepoeng på landsnitt eller over</i> 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Gjeld ØUS</i>
<ul style="list-style-type: none"> • <i>Gjennomsnittresultata på dei nasjonale prøvane skal liggje på landsnittet eller over</i> 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Halde oppe fokus på god klasseleing og god fagleg progresjon. Følgje tidleg opp elevar som fell under kritisk grense i lese og rekneopplæringa. Bevisst bruk av UDIR sine kartleggingsprøvar og styringsverktøy jfr Vokal – Engage</i>

VERKSEMDSPLAN 2017-17

	<ul style="list-style-type: none"> • Første oppfølging allereie ved å nytta tidleg innsats «jul til jul» prinsipp
<ul style="list-style-type: none"> • Andel lærarar med universitets eller høgskule-utdanning skal ligge på landssnittet eller over 	<ul style="list-style-type: none"> • Alle pedagogisk tilsette ved Toftøy har i komande periode godkjent utdanning. Skulen har satsa godt på å gje tilbod til lærarar som treng fagleg oppdatering etter dei nye krava (30stp) Dei tre siste åra har 7 lærarar fått slik vidareutdanning
<ul style="list-style-type: none"> • Trivsel i skulen og andel elevar som opplever seg mobba, slik det vert målt i elevundersøkinga, skal ligge på landsnittet eller betre 	<ul style="list-style-type: none"> • Organiserte aktivitetar i friminuttene. Mellom anna «trivselsleiar» aktivitet 3 gongar i veka • Månedlige kor/ sang samlinger gjennom heile året. • Temaveke med praktisk estetiske oppgåver på tvers av klassetrin/ aldersblanding • Fellesturar med aldersblanding • Fadderordning for nye 1. klassingar • Resultata for trivsel og mobbing har dei siste åra vore betre enn landsnittet
<ul style="list-style-type: none"> • Assistentar i skulen skal få opplæring i DUÅ 	<ul style="list-style-type: none"> • Familiens hus skal stå for opplæringa
<ul style="list-style-type: none"> • Arbeide for at andelen elevar som har spesialundervisning, ligg på landsnitt eller lågare 	<ul style="list-style-type: none"> • Syner til tidlegare tiltak knytta til NP • Betre tilrettelagt «normalundervisning» • Tettare oppfølging av dei som får spesialundervisning for om mogleg å avslutte tiltak

3.0 LOKALE MÅLSETJINGAR

<i>MÅL</i>	<i>DETTE GJER VI VED Å</i>
<ul style="list-style-type: none"> • Betre vurderingspraksisen vår gjennom deltaking i UDIR prosjekt. 	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk jobbing med tema vurdering i PU tid og på plandagar i komande skuleår. • Bli betre på kartlegging og tilbakemelding ved å bruke - Engage

VERKSEMDSPLAN 2017-17

<ul style="list-style-type: none"> • <i>Bli betre på erfaringsutveksling innad på skulen</i> 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Organisere systematiske team- møter og samlingar etter oppsett plan. Jobbe med intern delingskultur.</i>
<ul style="list-style-type: none"> • <i>Fordele skulen sine samla ressursar på alle elevar uavhengig om dei treng spesialundervisning eller ikkje.</i> <p><i>Bli betre på å fange opp elevar som fell ut eller ikkje lærar å lese eller rekne etter normert tid.</i></p> <p><i>Alle elevar sin rett etter §5.1 skal livaretakast</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Vidareutvikle ressursteamet og utforske korleis teamet kan få til betre fordeling av ressursar. Utvikle lokal kompetanse på tilrettelegging for alle</i> • <i>Kartlegge og følgje opp desse resultatata.</i> • <i>Alle oppmeldingar vurderast av Ressursteam før ein evt. melder opp til PPT</i>
<ul style="list-style-type: none"> • <i>Bli enda betre på å møte alle elvar på deira sosiale og faglege nivå</i> 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Jobbe vidare med opplæringstiltak/ skaffe oss meir kompetanse knytta til elevar med særskilde behov.</i> • <i>Ha kompetente og fagleg dyktige lærarar og andre tilsette. – Statlege utdanningsstipend.</i> • <i>Søke å gi god kursing og utdanning også til alle tilsette. Krav om at assistentar skal ta fagopplæring BUA</i> • <i>Vurdere å ta andre yrkesgrupper inn i skulen (t.d. miljøterapeut)</i>
<ul style="list-style-type: none"> • <i>Utvikle skulen sin digitale læringsarena. Meir og betre kvalitativ bruk av digitale læringsressurser</i> <ul style="list-style-type: none"> • <i>monitorering av resultat</i> 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Skulen har engasjert seg i samarbeidsprosjekt med Fjell og Sund. Prosjektet handler både om rimelegare og meir stabile digitale enheter og om bruk av Google Chrom sitt undervisnings konsept. Classroom eller G suite for education.</i> • <i>Prøve ut Google Cromebock til alle elevar på eit klassetrinn</i> • <i>Nyttiggjere oss og lære alle pedagogisk tilsette opp i bruk av Vokal – Engage</i>

4.0 KOMPETANSEUTVIKLING OG ETTERUTDANNING

Lærarar og alle tilsette ved Toftøy skal få tilbod om kurs og vidareutdanning. Utgangspunktet er skulen sitt behov for kompetanse, deretter å kvalifisere den enkelte for gjeldande kompetanse krav.

Ved Toftøy skule er det ei målsetting at alle skal være fagleg kvalifiserte. For assistenter gjeld at alle nyttilsette og dei som skal jobba fleire år framover i skulen har BAU utdanning.

Vurdere andre yrkesgrupper i skule

Intern rettleiing og opplæring av alle nye lærarar og andre tilsette

Samarbeide med ulike fagmiljø (NLA og HIB eller andre miljø)

Avtale og gjennomføre "galleri runder" på andre skular lokalt og nasjonalt

Søke samarbeid med europeiske skular gjennom for eksempel Comenius/ SIU / e. Twinning, Nordisk råd el.

.

5.0 INFORMASJONSTILTAK

*Skulen har eigen nettside der ein legg ut informasjon også på klassenivå. www.toftoy.skule.no
Skulen nyttar SMS teneste for varsling til føresette.*

Mai 2017

Arne Petter Solberg
Rektor